

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
053/19	Formannskapet	PS	20.06.2019
046/19	Kommunestyret	PS	27.06.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Arne Eikefet	19/1375

Temaplan for kommunal infrastruktur; vatn, avløp og veg i Lindås 2019-2025

Vedlegg :

Temaplan VVA Lindås 2019-2025_utkast 030519Vedl 1 Vann_A1_120419Vedl 2
Avløp_A1_120419Kulturminnefagleg innspel - Høyring - offentleg ettersyn - Temaplan - kommunal infrastruktur - vatn avløp veg - 2019-2025 - Lindås kommuneTemaplan for kommunal infrastruktur; vatn, avløp og veg i Lindås 2019-2025, høyring og offentleg ettersynUttale til offentleg ettersyn av temaplan for kommunal infrastruktur - vatn avløp og veg 2019 - 2025Temaplan for kommunal infrastruktur; vatn, avløp og veg i Lindås 2019-2025 – høyring og offentlig ettersyn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Temaplan for kommunal infrastruktur vatn, avløp og veg i Lindås 2019 – 2025 blir vedtatt slik den ligg føre.
-

Formannskapet - 053/19

FO - behandling:

Orientering om Vassverk og situasjonen i Lindås kommune ved avdelingsleiar VA Arne Helgesen.

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FO - vedtak:

Temaplan for kommunal infrastruktur vatn, avløp og veg i Lindås 2019 – 2025 blir vedtatt slik den ligg føre.

Kommunestyret - 046/19

KO - behandling:

Orientering, før handsaming av temaplan VVA:
Vassverk og situasjonen i Lindås kommune v/avd.leiar Arne Helgesen

Orientering, temaplan, ved prosjektleiar Arne Eikefet.
Innstillingera frå formannskapet vart samråystes vedteke.

KO - vedtak:

Temaplan for kommunal infrastruktur vatn, avløp og veg i Lindås 2019 – 2025 blir vedtatt slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Formannskapet – 037/19

FO - handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FO - vedtak:

- Temaplan for kommunal infrastruktur; vatn, avløp og veg i Lindås 2019 – 2025 blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i 3 veker.

Bakgrunn

Temaplan for kommunal infrastruktur; vatn, avløp og veg i Lindås 2019 – 2025 har vore på høyring og offentleg ettersyn i perioden 20.05.2019 - 09.06. 2019. Det har kome inn totalt 3 merknader til planen i høyringsperioden.

Gjennomgang av merknader og uttaler etter høyringsperioden:

Bergen Sjøfartsmuseum har vurdert planen ut frå deira ansvarsområde som gjeld marine kulturminner, og omtaler ei rekke aktuelle konkrete kulturminner i standsone og i sjø som kan bli påverka av planen. Museet konkluderer med at denne planen sitt store geografiske omfang medfører at det er formålstenleg at aktuelle utbyggingar vert forelagt museet på regulerings- eller byggeplannivå.

Administrasjonen sin vurdering: Dette er normal prosedyre i Lindås kommune og uttalen vert difor teke til orienteering.

Hordaland Fylkekommune, kultur og idrettsavdelinga, har vurdert planframlegget som styresmakt innan kulturvernminne og deler vurderinga i to områder: tiltak på land og tiltak i sjø.

For tiltak på land skal det utførast dokumentasjon vedrørande eventuelle kulturminne og kulturmiljø på eit tidleg stadium i all arealplanlegging og viser her til tilgjengelige informasjonskjelder.

I areal kor det er kjente automatisk freda kulturminne i nærleiken, eller det er høgt funnpotensiale for slike, skal ein pårekne arkeologiske registreringar med heimel i § 9 i kulturminnelova i samband med utarbeiding av detaljplan eller søknad om tiltak.

For tiltak i sjø viser fylkeskommunen ellers til vurderinga frå Bergen Sjøfartsmuseum som har sendt denne inn som eigen merknad, sjå gjennomgang over her.

Fylkeskommunen minner ellers om at undersøkingsplikta i kulturminnelova også gjeld for sjøbotn i vassdrag.

Varslinga av tiltak skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til museet for uttale. Alle saker skal leggast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Fylkeskommunen sine vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekommstar av kulturminne, eventuelt ei vurdering av regulerings-/tiltaksområdet sitt potensiale for marine kulturminne.

Administrasjonen sin vurdering: Kommunen er kjend med den omtala undersøkingsplikta og omstenda rundt denne. Dette er normale prosedyrer i Lindås kommune og uttalen vert difor teken til orientering.

Fylkesmannen i Vestland skriv at folketalssutviklinga i tettstادområdet Knarvik-Hilland medfører at Fylkesmannen no er styresmakt for alle utslepp over 50 pe i tettstaden, jf. forureiningsforskrifta kapittel 14. Reinsekravet for utslepp er sekundærreinsing, men Fylkesmannen kan gi unntak frå sekundærreinsekravet dersom kommunen kan dokumentere at utslepp etter primærreinsing ikkje er til skade for miljøet.

Resipientundersøkingar har vist at Osterfjorden har best recipienttilhøve i området, og ein nytt reinseanlegg bør ligge på Kvassneset.

Befolkningsframskriving viser at folketalet i Lindås vil auke ytterlegare, særleg i Knarvik/Alversund. Det er derfor viktig at eit nytt avløpsreinseanlegg vert dimensjonert for å handtere auke i folketalet. Det er vidare positivt at planen inneheld klimaendringar som eige tema. Auka nedbør som følgje av eit endra klima må også vere vurdert ved dimensjonering av avløpsanlegg og leidningsnett. Det er lagt opp til at anlegget ved Kvassneset skal stette primærreinsekravet, men eit anlegg må bli tilrettelagt for framtidig sekundærreinsing.

Det går fram av planen at området Knarvik-Hilland Vest allereie i 2013 var ein tettstad med berekna avløpsproduksjon tilsvarande om lag 10 400 personekvivalentar. Det går vidare fram at det sidan 2013 har skjedd tilflytting til området og kommuneplan og Knarvikplanen legg opp til vidare fortetting. Kommunen må derfor snarast søke Fylkesmannen om løyve til utslepp av kommunalt avløpsvatn i tettstaden i samsvar med kapittel 14 i forureiningsforskrifta.

Løyve frå Fylkesmannen vil i tillegg til nye reinsekrav og krav til leidningsnettet, innehalde krav om overvaking av recipienten i samsvar med vassforskrifta.

Fylkesmannen viser elles til at fleire tiltak som denne planen legg opp til, vil kunne trenge avklaring etter plan- og bygningslova. Dette gjeld til dømes tiltak i LNF- område og i strandsona i kommuneplanen si arealdel. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen handsamar dette etter reglane i plan- og bygningslova.

Administrasjonen sin vurdering: Merknadene frå Fylkesmannen er i tråd med det som

temaplanen legg opp til og ellers i tråd med fast praksis i kommunen.

Merknadane vert difor teke til orientering.

.....